



**AGDER**  
fylkeskommune

---

Kulturminnevern og kulturturisme

# Arkeologisk registrering – 23/24651

**Detaljregulering av rv. 9 ved Frøysnes – Gnr. 18 og  
19 – Bygland kommune**

Rapport ved Emma Norbakk 2024





<b>Kommune:</b>	Bygland				
<b>Gardsnamn:</b>	Frøysnes, Storvollen				
<b>Gardsnummer:</b>	18 og 19				
<b>Bruksnummer:</b>	Fleire				
<b>Tiltakshavar:</b>	Statens vegvesen				
<b>Adresse:</b>	Postboks 1010 Nordre Ål 2605 LILLEHAMMER				
<b>Namn på sak:</b>	Detaljregulering av rv. 9 ved Frøysnes Bygland kommune - PlanId 202301				
<b>Saksnummer:</b>	23/24651				
<b>Registrering utført:</b>	01-05.07 og 08-11.07.24	<b>Ved:</b>	Marita Fleseland og Emma Norbakk		
<b>For- og etterarbeid:</b>	02-03.04., 19.04., 06.06., 19-23.08., 26-27.08., 08.11., 11-12.11.24	<b>Ved:</b>	Emma Norbakk		
<b>Saksbehandlar:</b>	Hege Andreassen				
<b>Totale timer brukt</b>	<b>Forarbeid</b>	22,5	<b>Feltarbeid</b>	150	<b>Etterarbeid</b> 82,5
<b>Tal brukte dagar med feltbil</b>	9		<b>Tal brukte kolprøver</b>	4/4	
<b>Innanfor registreringsområdet</b>	<b>Askeladden ID</b>				
<b>Automatisk freda kulturminne</b>	322833-0, 322835-0, 322842, 322843, 322845, 322853, 70356, 139346, 105187-1  Funnstader: 322362-0 (uavklart), 322363-0 (uavklart), 299867-0 (uavklart)				
<b>Ikkje freda kulturminne</b>	322826, 289754-0, 289753-0, 289752-0, 289787-0				
<b>Fotodokumentasjon</b>	<a href="https://fylkeskonservatoren.agderfk.no/fotoweb/archives/5001-Fotoarkiv-Arkeologi/?q=23%2F24651">https://fylkeskonservatoren.agderfk.no/fotoweb/archives/5001-Fotoarkiv-Arkeologi/?q=23%2F24651</a>				
<b>Samandrag av registreringa</b>	<p>Etter den arkeologiske registreringa er det til saman åtte automatisk freda kulturminne innanfor registreringsområdet; ID 322833-0, 322835-0, 322842, 322843, 322845, 322853, 70356, 139346, 105187-1. Funna består av eldre dyrkingsspor, kokegroper, nedgravningar og moglege gravminne, der dateringane spenner frå yngre romartid til vikingtid/tidleg mellomalder. I tillegg er tre 322362-0, 322363-0 og 299867-0, og fem kulturminne utan vern; 322826, 289754-0, 289753-0, 289752-0 og 289787-0.</p> <p>Over store delar av Frøysnes vart det avdekt eit leirehaldig jordlag, liggjande mellom den moderne matjorda og dei arkeologiske spora. Dette laget tolkast ikkje som menneskeleg avsett, og kan truleg relaterast til eit stort jordskred på slutten av 1600-tallet. Fråvær av metall søkarfunn eldre enn 1600 underbyggjer dette.</p>				



## Innholdsliste

Innholdsliste .....	3
Figurliste .....	5
<b>1 Bakgrunn og informasjon om undersøkinga.....</b>	<b>8</b>
<b>2 Registreringsområdet .....</b>	<b>10</b>
<b>2.1 Landskapet.....</b>	<b>12</b>
<b>2.2 Kulturmiljøet.....</b>	<b>16</b>
<b>3 Registreringa.....</b>	<b>20</b>
<b>3.1 ID 322833-0: Dyrkingsspor (automatisk freda).....</b>	<b>28</b>
<b>3.2 ID 322835-0: Dyrkingsspor (automatisk freda).....</b>	<b>31</b>
<b>3.3 ID 322842: Aktivitetsområde (automatisk freda).....</b>	<b>34</b>
3.3.1 ID 322482-1: Kokegrop .....	35
3.3.2 ID 322482-2: Kokegrop .....	36
3.3.3 ID 322842-3: Åkerrein .....	36
<b>3.4 ID 322843: Aktivitetsområde (automatisk freda).....</b>	<b>40</b>
3.4.1 ID 322843-1: Kokegrop .....	41
3.4.2 ID 322483-2: Nedgraving.....	42
<b>3.5 ID 322845: Aktivitetsområde (automatisk freda).....</b>	<b>47</b>
3.5.1 ID 322845-1: Nedgraving.....	48
3.5.2 ID 322845-2: Nedgraving.....	48
3.5.3 ID 322845-3: Nedgraving.....	48
3.5.4 ID 322845-4: Nedgraving.....	49
3.5.5 ID 322845-5: Nedgraving.....	49
3.5.6 ID 322845-6: Nedgraving (uavklart vernestatus).....	51
3.5.7 ID 322845-7: Kokegrop .....	52
3.5.8 ID 322845-8: Nedgraving.....	52
3.5.9 ID 322845-9: Nedgraving.....	52
3.5.10 ID 322845-10: Nedgraving.....	52
<b>3.6 ID 322853: Aktivitetsområde (automatisk freda).....</b>	<b>56</b>
3.6.1 ID 322853-1: Røys .....	57
3.6.2 ID 322853-2: Nedgraving.....	60
3.6.3 ID 322853-3: Nedgraving.....	62
3.6.4 ID 322853-4: Dyrkingsflate .....	63
<b>3.7 ID 322826: Gardsanlegg (utan vern).....</b>	<b>65</b>
3.7.1 ID 322826-27: Rydningsrøys.....	65
<b>Kontrollregistrering .....</b>	<b>68</b>
<b>3.8 ID 70356: Gravminne (automatisk freda).....</b>	<b>68</b>
3.8.1 ID 70356-2: Nedgraving.....	69
3.8.2 ID 70356-3: Nedgraving.....	72



<b>3.9</b>	<b>ID 139346: Dyrkingsspor (automatisk freda)</b> .....	<b>75</b>
<b>4</b>	<b>Konklusjon</b> .....	<b>78</b>
<b>5</b>	<b>Litteratur og referansar</b> .....	<b>80</b>
<b>6</b>	<b>Tillegg</b> .....	<b>82</b>
<b>6.1</b>	<b>Kart over planområdet frå tiltakshavar</b> .....	<b>82</b>
<b>6.2</b>	<b>Tabellar</b> .....	<b>83</b>
6.2.1	Registrerte kulturminne .....	83
6.2.2	Sjakter.....	94
6.2.3	Prøvestikk.....	98
6.2.4	Funn.....	100
6.2.5	Tidlegare registrerte kulturminne i- og rundt tiltaksområdet.....	101
<b>6.3</b>	<b>Teikningar</b> .....	<b>102</b>
<b>6.4</b>	<b>Kolprøver og dateringar</b> .....	<b>103</b>
<b>6.5</b>	<b>Metodar for arkeologisk registrering</b> .....	<b>105</b>
6.5.1	Dokumentering.....	105
6.5.2	Overflateregistrering.....	106
6.5.3	Prøvestikking.....	106
6.5.4	Maskinell sjakting .....	106
6.5.5	Kontrollregistrering .....	107
6.5.6	Metallsøking .....	107
<b>6.6</b>	<b>Arkeologiske tidsperiodar</b> .....	<b>108</b>
<b>6.7</b>	<b>Dateringsmetodar</b> .....	<b>109</b>
6.7.1	Typologisk datering .....	109
6.7.2	Karbondatering (C-14) .....	109
6.7.3	Strandlinjedatering.....	110
6.7.4	Dendrokronologisk datering.....	113
<b>7</b>	<b>Vedlegg</b> .....	<b>114</b>

*Framsidediagram: Lundarhalsen i Åraksfjorden, sett frå nord.*

## Figurliste

Figur 1. Sau på beite på Frøysnes. ....	9
Figur 2. Kart over registreringsområdet. ....	10
Figur 3. Kart over tiltaket i Agder fylke. ....	11
Figur 4. Frøysnes. Lundarhalsen og Nordgardkilen til venstre i bilete. Sett frå nord. ....	12
Figur 5. Øvst: Døra til loftet ID 105187-1 på Nedgarden. Loftet er dendrokronologisk datert til 1647. Nedst: Loftet og våningshuset på Nedgarden. Sett mot søraust. ....	13
Figur 6. Øvst og nedst: rydda flater og beiteområde på vestsida av rv.9. ....	14
Figur 7. Styvingstrær frå lia vest for rv.9. ....	15
Figur 8. Jerpeneset, sett frå sør. ....	15
Figur 9. Kulturminne omkring Frøysnes og planområdet, før den arkeologiske registreringa. Skjermdump henta frå <a href="http://www.askeladden.ra.no">www.askeladden.ra.no</a> (henta 02.04.24) ....	16
Figur 10. Funna frå graven på Frøysnes, ID 70356-1. Foto: Ellen C. Holte, Kulturhistorisk museum. .	18
Figur 11. Dyrkingsflate ID 139346-3. Foto tatt i felt under tidlegare registrering på Frøysnes. Fotograf: Nils Ole Sundet, Aust-Agder fylkeskommune. ....	18
Figur 12. Jordet 18/3 kor det vart gjort metallskarfunn av gryteøre ID 322363-0 og vektlodd ID 22362-0. Sett mot sør-søraust. ....	19
Figur 13. Arbeidsbilete frå sjaktinga. Sett mot aust-nord aust. ....	20
Figur 14. Nokre av metallskarfunna som er funne på Frøysnes. ....	21
Figur 15. Kart over alle kulturminna innanfor planområdet. ....	23
Figur 16. Kart over plassering til alle registrerte og kontrollregistrerte kulturminna innanfor planområdet. Lausfunna ID 322362-0, 322363-0 og 322362-0 som vart innlevert er ikkje med. ....	24
Figur 17. Kart over alle dyrkingsspor som vart avdekt på Frøysnes. ....	25
Figur 18. Kart over alle sjakter med sjaktnr. som vart gravne på prosjektet. ....	26
Figur 19. Kart over alle prøvestikk med prøvestikknr. som vart gravne på prosjektet. ....	27
Figur 20. Dyrkingsprofilen i Sjakt 9, sett mot vest. ....	28
Figur 21. Grovskissert teikning av dyrkingsprofilen frå Sjakt 9. ....	29
Figur 22. Dyrkingsprofilen i Sjakt 3, sett mot nord. ....	29
Figur 23. Kart over dyrkingsspor ID 322833-0 og kolprøver. ....	30
Figur 24. Dyrkingsprofilen i sjakt 19, sett mot aust. ....	31
Figur 25. Sjakt 26 med mogleg avsvidingslag, kan sjåast flekkvis i plan og langs profilen. Sett mot sør-søraust. ....	32
Figur 26. Grovskissert teikning av dyrkingsprofilen frå Sjakt 19. ....	32
Figur 27. Kart over Dyrkingsspor ID 322835-0 og kolprøver. ....	33
Figur 28. Avdekking av åkerrein ID 322842-3, med kokegrop ID 322482-2 i forgrunnen. Sett mot søraust. ....	34
Figur 29. Kokegrop ID 322482-1, sett mot sørvest. ....	35
Figur 30. Kokegrop ID 322482-1 til høgre, og eit ikkje definert lag i profilen til venstre (skredmassar?). Sett mot sørvest. ....	35
Figur 31. Kokegrop ID 322482-2, sett mot nord aust. ....	36
Figur 32. Dyrkingsprofilen frå Sjakt 27, sett mot nord aust. ....	37
Figur 33. Åkerreina ID 322842-3, sett mot søraust. ....	38
Figur 34. Grovskissert teikning av dyrkingsprofilen frå Sjakt 27. ....	38
Figur 35. Kart over Aktivitetsområde ID 322842 med enkeltminner og kolprøver. ....	39
Figur 36. Nedgraving ID 322483-2 i forgrunnen og Kokegrop ID 322483-1 i bakgrunnen, sett mot nord-nordvest. ....	40
Figur 37. Kokegrop ID 322843-1, sett mot nord-nordvest. ....	41
Figur 38. Kokegrop ID 322843-1, sett mot vest. ....	41
Figur 39. Nedgraving ID 322483-2 av ukjend funksjon, sett mot nord-nordvest. ....	42
Figur 40. Nedgraving ID 322483-2. Djupe plogspor med kol og varmpåverka undergrunn omkring	



nedgravinga. Berg skrått opp til høgre for nedgravinga. Sett mot vest-sørvest. ....	43
Figur 41. Stort mogleg kvartsavslag (F5) funnen under oppreinsking av Nedgraving ID 322483-2. ....	43
Figur 42. Skiferfragment (F6) funnen under oppreinsking av Nedgraving ID 322483-2. ....	44
Figur 43. Funnfoto av lausfunna av moglege kvartsavslag (F2) og slag (F7). ....	45
Figur 44. Funnfoto av mogleg kvartsavslag (F5) og skiferfragmentet (F6). ....	45
Figur 45. Kart over Aktivitetsområde ID 322843 med enkeltminner, funn og kolprøver. ....	46
Figur 46. Oversikt over strukturar i Aktivitetsområde ID 322485, sett mot nord, ....	47
Figur 47. Nedgraving ID 322485-1 med funn av brent bein (F19) i forgrunnen, sett mot aust. ....	48
Figur 48. Nedgraving ID 322845-5 til venstre for meterstaven, og Kokegrop 322845-7 sentralt i biletet. Sett mot sør. ....	49
Figur 49. Noko av slagget (F15) som vart funnen i Nedgraving ID 322845-5. ....	50
Figur 50. Nedgraving ID 322845-5 med funn av mykje jern og slag (F15). Sett mot vest. ....	50
Figur 51. Nedgraving ID 322485-6 i plan før snitting, sett mot sørvest. Kokegrop ID 322845-7 til høgre. ....	51
Figur 52. Nedgraving ID 322485-6 i profil etter snitting, sett mot sørvest. ....	51
Figur 53. Brent bein (rørknokkel, F16) funnen under oppreinsking av Nedgraving ID 322845-10. ....	52
Figur 54. Nedgraving ID 322485-10, med funn av brent bein (F16) til venstre. Blaute massar lengst bak i biletet. Sett mot aust. ....	53
Figur 55. Funnfoto av jern og slag (F15) frå 322845-5. ....	53
Figur 56. Kart over Aktivitetsområde ID 322845 med enkeltminner. ....	54
Figur 57. Kart over aktivitetsområde ID 322845 med enkeltminner, funn og kolprøver. ....	55
Figur 58. Oversikt over lokaliteten, sett mot vest. ....	56
Figur 59. Nordvestlege del av Steinrøysa ID 322853-1 og Fyllskifte/grøft ID 322853-2, sett mot nordaust. ....	57
Figur 60. Steinrøys ID 322853-1 sentralt i biletet, med Fyllskifte/grøft ID 322853-2 til høgre. Sett mot søraust. ....	58
Figur 61. Steinrøys ID 322853-1 bak meterstaven, med Fyllskifte/grøft ID 322853-2 oppe til venstre. Sett mot nordvest. ....	59
Figur 62. Fyllskifte/grøft ID 322853-2 med Røys ID 322853-1 til venstre i bileta. Øvst: sett mot sørvest. Nedst: sett mot vest. ....	60
Figur 63. Snittet som blei grave i Fyllskifte/grøft ID 322853-2 og steinrøysa ID 322853-1. Sett mot nordvest. ....	61
Figur 64. Profil i snittet som blei grave i Fyllskifte/grøft ID 322853-2 og steinrøysa ID 322853-1. Sett mot nordvest. ....	61
Figur 65. Sjakt 38 med Fyllskifte/grøft ID 322853-3 og eldre dyrkingslag ID 322853-4. Sett mot vest-nordvest. ....	62
Figur 66. Dyrkingsprofilen frå Sjakt 38, med eldre dyrkingslag ID 322853-4 og det som vart tolka som fyllskifte/grøft ID 322853-3 i botn. Spikar markerer kor kolprøvene vart teken ut. Sett mot nordaust. .	63
Figur 67. Kart over Aktivitetsområde ID 322853 med enkeltminner, funn og kolprøver. ....	64
Figur 68. "Bisperøysa" ID 322826-27, sett mot nord-nordaust. ....	65
Figur 69. Ein av rydningsrøyane. ....	66
Figur 70. Ein av rydningsrøyane. Åraksfjorden i bakgrunnen. ....	66
Figur 71. Kart over røysene og murane i gardsanlegg ID 322826. ....	67
Figur 72. Nedgraving ID 70356-2, sett mot aust. ....	69
Figur 73. Nedgraving ID 70356-2 med funn av bein (F9) og slaggbitt (F10) ved oppreinsking, sett mot sør. ....	70
Figur 74. Slag (F10) med fastbrent leire? ....	70
Figur 75. Sannsynlegvis eit Eidsborgbryne (F17), funnen på overflata etter igjenfylling av sjakt. ....	71
Figur 76. Nedgraving ID 70356-3. Diffust kolhaldig lag. Sett mot nord. ....	72
Figur 77. Funnfoto av slag med fastbrent leire (F10) frå ID 70356-2. ....	73
Figur 78. Funnfoto av lausfunnet av brynet (F17), truleg tilhøyrande ID 70356-2. ....	73



Figur 79. Kart over Gravminne ID 70356 med enkeltminner, funn og kolprøver. ....	74
Figur 80. Dyrkingsprofilen frå Sjøkt 47, sett mot sør. ....	76
Figur 81. Dyrkingsprofilen frå Sjøkt 50. Ytterkanten av dyrkingslaget. Sett mot nord. ....	76
Figur 82. Kart over Dyrkingsspor ID 139346 med enkeltminner. ....	77
Figur 83. Jordet ved Lundarhalsen etter sjakting. Sett mot aust. ....	79
Figur 84. Tabell basert på Solberg, 2021 og Damlien mfl. 2021. ....	108
Figur 85. Strandlinjekurve for Arendal- og Tvedestrand-området. Mørk grå kurve representerer Tvedestrand, medan lys grå kurve representerer Arendal (Romundset, 2018 s. 475). ....	112
Figur 86. Strandlinjekurve for Kanten, aust i Mandal (Romundset, 2022). ....	112
Figur 87. Strandlinjekurve for Lista-området (Romundset mfl., 2015, s. 13). ....	113

## 1 Bakgrunn og informasjon om undersøkinga

Agder fylkeskommune vart i eit brev datert 03.10.23, informert om oppstart med detaljreguleringsplanen for rv.9 ved Frøysnes. Tiltakshavar er Statens Vegvesen og føremålet med tiltaket er å leggje til rette for auka trafikktryggleik og framkomelegheit på strekninga ved Frøysnes i Bygland. Vegen på strekninga har ein dårleg standard med varierende vegbreidde, ustabile vegkantar, manglande gul midtlinje og mykje kurvatur. Regionplan Agder 2030 har som mål at det er etablert miljøvenlege, effektive, sikre og universelt utforma mobilitetsløysingar. Som ein del av dette er det ynskeleg å realisere ein utbygging av rv.9 med gul midtstripe til Hovden.

Planområdet ligg på Frøysnes i Bygland kommune, som er ei grend på vestsida av Åraksfjorden. Åraksfjorden er nordlegaste del av Byglandsfjorden, som høyre med i Otravassdraget. Frøysnes er i dag relativt flatt, men svakt hellande ned mot fjorden, og består for det meste av dyrka mark for sauebeite. Planområdet er totalt 510 dekar, og ca. 3,9 km langt målt langs eksisterande veg. Med unntak av eit lite stykke langs vegen frå Nedgarden og sørøver, i samanheng med Statens Vegvesens trafikktryggleikstiltak og bygging av nytt gangfelt 2010/11 (Sundet, 2011), har det ikkje vore arkeologiske undersøkingar på Frøysnes tidlegare.

Frå før er det registrert fleire kulturminne på Frøysnes. Det er blant anna funne eit gravfunn frå vikingtid (ID 70356-1) og fleire lausfunn; eit spinnehjul med dekor (ID 299867-0), eit firkanta vektlodd i koparlegering (ID 322362-0) og eit fragment av gryteøre i koparlegering (ID 322363-0). I samband med bygginga av nytt gangfelt vart det i 2010 avdekt ein dyrkingsflate med dyrkingslag frå yngre jernalder (ID 139346; Sundet, 2011).

På odden Lundarhalsen skal det ha vore funne nokre flate hellesteinar, truleg frå eit gravkammer, og ifølgje segna har odden vore brukt som ein offerplass til guden Frøy (ID 76606-1) – noko som begge stadnamna Lundarhalsen og Frøysnes støttar opp om. I tillegg er fleire av gardane og einebustadane SEFRAK-registrerte og bygget før 1850. Blant anna er eit loft, Frøysnes Nedgarden, frå 1647 (ID 105187-1).

Grunngjevinga for undersøkingane er heimla i kulturminnelova § 9 der fylkeskommunen er forplikta til å undersøkje om offentlege og større private tiltak vil verka inn på- og komma i konflikt med automatisk freda kulturminne. Basert på plasseringa langs Åraksfjorden, stadnamnet, dei eldre gardane og tidlegare registrerte kulturminne, er det rekna som eit stort potensiale for fleire funn av automatisk freda kulturminne på Frøysnes og innanfor tiltaksområdet. Dei aktuelle kulturminna kan vera busetjingsspor og gravminne frå alle periodar (steinalder – mellomalder), men truleg med ei hovudvekt av spor frå jernalder. Dei fleste av desse kulturminna vil vera under matjordlaget, og det vil derfor vera nødvendig å undersøke med maskinell sjakting på

jorda. Fordi det er potensiale for lokalitetar frå steinalder vil me vera merksame på eventuelle lausfunn som kjem opp med matjorda. Undervegs i sjaktinga og fortløpande i undersøkinga vil det også vurderast om det er behov for supplerande prøvestikking, anten i opne sjakter eller utanfor. Heile området vil overflateregistrerast etter kulturminne som er synlege over markoverflata.

«Kulturminne og kulturmiljø med eigenarten og variasjonen deira skal vernast både som del av kulturarven vår og identitet, samt som ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning.»

«Det er eit nasjonalt ansvar å take vare på desse ressursane som vitskapleg kjeldemateriale og som varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar si oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd.»

(Kulturminnelova, 1978, § 1 første og andre ledd)



Figur 1. Sau på beite på Frøysnes.

## 2 Registreringsområdet



Figur 2. Kart over registreringsområdet.



Figur 3. Kart over tiltaket i Agder fylke.

## 2.1 Landskapet

Planområdet ligg langs vestsida av Åraksfjorden. Åraksfjorden er den øvre delen av Byglandsfjorden, som er ein del av Otravassdraget som strekkjer seg gjennom Setesdalen, frå Vassenden i sør til Ose i nord. Byglandsfjorden har vore regulert til kraftmagasin sidan 1912, og har ei reguleringshøgde på ca. 5 meter over det opphavlege nivået på 203 moh.

Nord i planområdet ligger Frøysnes. Frøysnes er ei grend som ligg klart avgrensa i landskapet på ei elveslette. Grenda er ei open og slett flate med lausmassar og slåttenger, i foten av Nordigardsknausen i nord og fjellet i vest som ei naturleg avgrensing. Lundarhalsen stikk ut i fjorden som ein markant odde, med vikar på begge sider; Nordigardkilen i nord og Doktarkilen i sør. Over Frøysnes går Setesdalsvegen rv. 9, som deler grenda i to.



Figur 4. Frøysnes. Lundarhalsen og Nordigardkilen til venstre i bilete. Sett frå nord.

På grenda er nokre gardar og einebustader. I sør består busetnaden av gamle husmannsplassar; «Plasset», og mindre eigedommar, medan i nord ligg gardane Oppigard, Lisle Nedgarden, Nedgarden, Nordigard og Storvodden. Lisle Nedigarden og Nedgarden driv med sauehald. Eigedommane er oppdelte på "vanleg" måte, med avlange teigar som strekkjer seg frå Åraksfjorden i aust og opp til den stupbratte fjellsida i vest. Langs fjellsida består landskapet i hovudsak av kupert slåttemark og beite. Frå fjellsida går det fleire bekkedrag ned til fjorden. Nokre av desse ligg i dag i røyr, og jorda skal vera drenert med mange steindiker. Stadvis er jorda synleg blaut.



Figur 5. Øvst: Døra til loftet ID 105187-1 på Nedgarden. Loftet er dendrokronologisk datert til 1647. Nedst: Loftet og våningshuset på Nedgarden. Sett mot søraust.

Grenda ber preg av omfattande bruk og dyrking gjennom tida. Stadvis er det skrint med små knollar og parti med berg i dagen. Vest for rv. 9 er landskapet svært bratt og kupert med mykje stein, der landskapet ber preg av å ha vore omfattande rydda. Her finnast også fleire styvingstrær. På slutten av 1600-talet skal det ha gått store ras på Frøysnes. Det er usikkert kor store øydeleggingar raset skal ha medført, men det blir sagt at fleire av gardane skal ha vorte øydelagt.




Figur 6. Øvst og nedst: rydda flater og beiteområde på vestsida av rv.9.



Figur 7. Styvingstrær frå lia vest for rv.9.

Sør i planområdet er det svært bratt og lite lausmassar, forutan ein liten, men høg og kupert bergknaus som stikk ut som ein odde i fjorden, kalla Jerpeneset. I dag skjer rv. 9 tvers igjennom bergknausen, medan den gamle Setesdalsvegen som vart brukt fram til 1978 slyngjer seg rundt på austsida.



Figur 8. Jerpeneset, sett frå sør.

## 2.2 Kulturmiljøet



Figur 9. Kulturminne omkring Frøysnes og planområdet, før den arkeologiske registreringen. Skjermdump henta frå [www.askeladden.ra.no](http://www.askeladden.ra.no) (henta 02.04.24)

I steinalderen har vassdrag, slik som Otravassdraget, vore viktige. Dei var verdifulle kjelder til mat og vatn, men dei var også heilt avgjerande for ferdsel og kontakt mellom kyst og innland. Mange steinalderlokalitetar ligg derfor langs elvar, vassdrag og vatn, og det er registrert fleire steinalderlokalitetar langs Otra og Byglandsfjord. Det er ingen funn frå steinalder innanfor planområdet frå tidlegare, men det finst fleire funn frå andre stader langs fjorden. Til dømes var det i 1985-87 grave ut fem steinalderlokalitetar på Vassendøya, heilt sør i Byglandsfjord. Resultata viste at Vassendøya truleg har vore i bruk i både eldre og yngre steinalder (Østmo, 1989). Også i samband med sikring av erosjonsutsette område av Byglandsfjord og Åraksfjord, vart det i 2007 registrert fleire steinalderlokalitetar i desse områda (Solvold, 2007). I tillegg er det gjort fleire lausfunn av steinartefaktar på strender og nes som stikk ut i fjorden. Med plasseringa og topografien på Frøysnes er det gode moglegheiter for at det også her har vore aktivitet i steinalderen. I samband med dette er det viktig å vera merksame på at ettersom Åraksfjorden og Byglandsfjorden er demt opp ca. 5 meter over den opphavlege vasstanden, er det moglegheiter for at steinalderspora ligg lågare enn- og utanfor planområdet, eller at dei i dag kan vera overfløymde og under vatn.

Stadnamnet Frøysnes kjem etter dei heidenske gudane Frøy eller Frøya, og stammar truleg frå norrøn tid. Dette kan vitna om at det var desse gudane som vart dyrka mest på Frøysnes, kanskje for å sikra gode avlingar og vekst. Det same gjeld Lundarhalsen, som speler på at odden ein gong kan ha vore skogkledd eller ein lund. Namnet kan såleis visa til at odden har vore eit viktig trekk i det mytologiske landskapet, som ein heilag lund, i den norrøne kulturen. Stadnamna vitnar om at grenda Frøysnes truleg er svært gamal og at det kan ha vore aktivitet her i norrøn tid, då særleg jernalder.

Denne vurderinga blir støtta opp av dei tidlegare registrerte kulturminna på Frøysnes. På Lundarhalsen er det mellom anna ein tradisjon der segna seier at det på odden har vore ein offerplass for guden Frøy. I registreringsskjemaet frå Askeladden (ID 76606-1) står det følgjande:

*«Sagnet sier at det på Lundarhalsen skal ha vært offerplass for guden Frøy. Da det ble dyrket ytterst på odden, når vites ikke, fant de flate heller, som var "bygd opp". Over lå en stor flat helle. Gravkammer? Det var svart jord der og så ut som det skulle ha vært brent. Opplyst av Torkjel Arnfinn Frøysnes.»*

Det finst ikkje spor etter dei nemnde steinhella i dag, og dette har etter alt å dømma vore ei grav frå jernalder med hellekistekammer som vart øydelagd og fjerna ved dyrking.

På Frøysnes er det også registrert eit anna gravfunn, like sørvest for Nordigarden. Gravfunnet (ID 70356-1) kom for dagen ein gong før 1914 i samband med at ein eldre låve skulle rivast slik at det kunne byggjast ein ny. Det skal då ha vore fjerna ein haug på staden (kartfestinga er noko usikker) og massane vart spreidd utover jordene. Det vart då funne fleire oldtidsgjenstandar. Funna er innleverte Kulturhistorisk museum i Oslo og har fått katalogiseringsnummer C20311. Gjenstandane bestod av eit tveigga sverd av jern som har hatt ornamentert sølvbelegg, ein bøygd spydspiss av jern som har hatt eit rikt ornamentert sølvbelegg, to øksar av jern der den eine er ein bredegga, og eit skiferbryne (sjå figur nedanfor). Funna er tolka som å stamma frå ein gravhaug datert til yngre jernalder.

Litt lenger sør for gravfunnet, på jordet mellom Nordigarden og Nedgarden, er det også levert inn eit lausfunn. Funnet er eit konvekst spinnehjul med dekor på sidene (ID 299867-0).



Figur 10. Funna frå graven på Frøysnes, ID 70356-1. Foto: Ellen C. Holte, Kulturhistorisk museum.

Det er også registrert eldre dyrkingsspor på Frøysnes. I 2010, i samband med tidlegare trafikktryggleikstiltak hjå Statens vegvesen, var det utført arkeologisk registrering der det vart registrert ein dyrkingsflate med eldre dyrkingslag (ID 139346 (sjå figur nedanfor); Sundet, 2011). Dyrkingslaga blei datert til 545 – 880 e.Kr., tidleg merovingartid til tidleg vikingtid. Dateringa er samanfallande med resten av gravfunna, og vitnar om at det på staden både har vore gravminne og busetjing i jernalder.



Figur 11. Dyrkingsflate ID 139346-3. Foto tatt i felt under tidlegare registrering på Frøysnes. Fotograf: Nils Ole Sundet, Aust-Agder fylkeskommune.

Litt lenger sør på Frøysnes, på den tidlegare husmannsplassen «Plassen», vart det i juni 2024 levert inn to nye lausfunn i samanheng med metalldetektorsøk. Funna består av eit fragment av gryteøre (ID 322363-0) og eit firkanta vektlodd (ID 22362-0), begge i koparlegering.



Figur 12. Jordet 18/3 kor det vart gjort metalløkarsfunn av gryteøre ID 322363-0 og vektlodd ID 22362-0. Sett mot sør-søraust.

Som gardsnamnet og dei tidlegare registrerte funna viser så kan Frøysnes historie bli trekt fleire tusen år tilbake i tid, heilt tilbake til jernalderen. Det er også sannsynleg at det kan ha vore busetjing i området endå tidlegare. Det er med dette rekna som stort potensiale for å kunna finna fleire forhistoriske spor og nya automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, både frå steinalder, bronsealder og jernalder. Størst potensiale for busetjingsspor er truleg der terrenget er flatast, altså høgdedraget der Nedigarden ligg i dag og vidare på ryggen ut mot Lundarhalsen. For gravminne er potensialet stort også der terrenget skrånar, vendt ut mot fjorden. Det vil då vera snakk om graver som ligg under flat mark, anten som flatmarksgraver eller graver som originalt har vore under haug eller røys, men som i dag er planert og overpløgd.

For ein oversiktstabell med tidlegare registrerte kulturminne innanfor og i nærleiken av registreringsrområdet, sjå under kapittel 6.2.

### 3 Registreringa

Metoden som vart bruka for registreringa var maskinell sjakting, prøvestikking og overflateregistrering. Det vart ei utfordrande og komplisert registrering med mykje funn under eit stort tidspress. I tillegg var det dagar med store mengder regn som kompliserte arbeidet. Undervegs i prosessen har det derfor vore harde prioriteringar, der fokuset var å halde maskina i gang og få dekt mest mogleg areal med potensiale. Dette innebar at visse område vart valde bort til fordel for område med høgare funnpotensiale. Ved funn, vart vidare undersøkingar slik som snitting, reinsing, utvidingar, teikningar mm. nedprioritert.

Med fire kolprøver på budsjettet var det ikkje rom for å datere alle lokalitetane som vart avdekt. Å datere strukturar som blir rekna som arkeologisk sikre vart derfor nedprioriterte. Valet vart å datere lokalitetar som vi var meir usikre på, og dessutan å få grep om spreininga til dyrkingsspora i grenda.

Vi hadde jamleg kontakt med grunneigarar og forpaktarar på Frøysnes. Dei har vore svært behjelpelige med informasjon om gardane og historia til grenda, og til å kartleggje eventuelle røyr og leidningar dei visste om. Etter synfaring og informasjon frå grunneigarane viser det seg at det på Frøysnes stadvis er ganske bløytt, med mange bekkeleier ned frå fjellet i vest. På jordene er det derfor fleire eldre dreneringar og steindike, i tillegg til at nokon av bekkeleiene er lagde i røyr. Denne informasjonen vart del av grunnlaget for plasseringa av sjaktene.



Figur 13. Arbeidsbilette frå sjaktinga. Sett mot aust-nord aust.

Vi fekk også besøk av metalldetektoristane Ansgar Jonassen og Øyvind Arnestad Nilsen som fortalde om dei metallsøkjarfunna dei har gjort på staden. Det er gjort svært mange flotte metallsøkjarfunn på dei ulike gardane på Frøysnes. Funna består mellom anna av ulike myntar, beslag, knappar, deler av søljer, beltespenner, mm. Bemerkelsesverdig er det at alle metallsøkjarfunna skriv seg frå tida etter 1600-tallet. Dette kan truleg forklarast med at det på slutten av 1600-talet skal ha gått eit stort jordskred på Frøysnes, som nemnt i kapittel 2.1. Raset skal ha øydelagt store område og teke med seg fleire gardshus i grenda. I løpet av 1700 - 1900-talet skal Frøysnes ha vart rydda og dyrka opp igjen. Under den maskinelle sjaktinga vart det påvist eit opptil 50 cm tjukt jordlag med delvis klumpete og klebrig, lys brun sandig og leirhaldig silt. Laget låg under matjorda, men over dei arkeologiske funna, og verkar å konsentrerer seg til nordlege del av Frøysnes. Laget vart tolka som naturleg avsett, og sannsynlegvis er dette massane frå jordskredet som gjekk på slutten av 1600-tallet.



Figur 14. Nokre av metallsøkjarfunna som er funne på Frøysnes.

Heile registreringsområdet vart overflateregistrert etter funn av synlege kulturminne over bakken, som resulterte i registreringa av eit gardsanlegg (ID 322826) bestående av 30 rydningsrøyser og to murer innanfor registreringsområdet.


Det vart prøvestukke på alle flater som vart rekna for å ha potensiale for funn, og det vart undersøkt etter eldre dyrkingsslag og spor frå steinalder. Det vart totalt grave 17 prøvestikk innanfor registreringsområdet, og av desse var ingen funnførande. Fråvær av steinalder innanfor planområdet kan truleg forklarast med at området ligg for høgt, og at eventuelle steinalderlokalitetar ligg lågare i terrenget eller under vatn.

Gravearbeidet vart utført av maskinførar Fredrik Thorkildsen (01-04.07.24), Håvard Eiken Aas (05. og 08-09.07.24) og Knut Helge Bratteland (10.07.24) frå Hovden Hytteservice. Det vart først stilt med ein 9-tonns maskin, som etter kvart vart bytta ut med ein 13-tonner. Til saman vart det opna omtrent 1990 m<sup>2</sup>, fordelt på 51 maskinelle søkjesjakter med varierende breidd og lengd. Den maskinelle sjaktinga resulterte i registreringa av seks nye kulturminne innanfor registreringsområdet; ID 322833-0, 322835-0, 322842, 322843, 322845 og 322826, høvesvis to dyrkingsspor, og fire aktivitetsområde. I tillegg vart eit gravminne (ID 70356) og eit dyrkingsspor (ID 139346) kontrollregistrerte, der begge fekk endra skildringar, geometri og ny tilstandsgrad. I tillegg fekk gravminnet endra vernestatus til «automatisk freda».


Etter at den arkeologiske registreringa var utført, vart det meldt inn opplysningar om at Frøysnes brygge (ID 289787-0) var kartfesta feil. Brygga vart registrert i 2022 og er utan vern, og vart derfor ikkje kontrollregistrert i denne omgangen. Basert på dei nye opplysningane og flyfoto vart kartfestinga og skildringane oppdatert. Kontrollregistreringa vart gjort digitalt og brygga er ikkje synfart. Brygga vil ikkje bli vidare omtalt i følgjande kapittel.

Etter den arkeologiske registreringa er det til saman åtte automatisk freda kulturminne innanfor registreringsområdet. I tillegg er to nyare tids kulturminne utan vern.


Nedanfor følgjer skildringar av dei nye registrerte og kontrollregistrerte kulturminna.




Figur 15. Kart over alle kulturminna innanfor planområdet.




Figur 16. Kart over plassering til alle registrerte og kontrollregistrerte kulturminne innanfor planområdet. Lausfunna ID 322362-0, 322363-0 og 322362-0 som vart innlevert er ikkje med.



Figur 17. Kart over alle dyrkingsspor som vart avdekt på Frøysnes.



Figur 18. Kart over alle sjakter med sjaktnr. som vart gravne på prosjektet.



Figur 19. Kart over alle prøvestikk med prøvestikknr. som vart gravne på prosjektet.

### 3.1 ID 322833-0: Dyrkingsspor (automatisk freda)

Eldre dyrkingslag og avsvidingslag påvist under maskinell sjakting. Det vart teken ut ei kolprøve KP 1 frå avsvidingslaget som vart datert til yngre romartid, 239 - 382 cal AD (93,4%). Laga er tjukkast i sør, og tynner ut i nord. Lokaliteten er omtrentleg avgrensa topografisk i aust, av vegfylling i vest, og av negative sjakter i nord og sør.

Den eldre dyrkingsflata ligg under eit opptil 35 cm tjukt lag med noko klumpete og klebrig, lys brun sandig og leirhaldig silt. Dette laget vart påvist over store delar av nordlege Frøysnes, med ulike tjukner (opptil 50 cm tjukt). Over dette laget er matjord. Laget blir tolka som naturleg avsett, og stammar truleg frå jordskredet som gjekk på slutten av 1600-talet.

Profilskildring frå Sjakt 9, sør på dyrkingsflata:

*Lag 1: 0-25 cm torv og matjord.*

*Lag 2: 25-60 cm lys brun klumpete sandig silt med litt grus og kolspett (skredmassar, kolprøve KP3).*

*Lag 3: 60-105 cm mørkare brun sandig silt med grus og meir kolspett (eldre dyrkingslag, kolprøve KP2).*


*Lag 4: 105-110 cm gråsvart kolhaldig sandig silt (avsvidingslag, kolprøve KP1: 239 - 382 cal AD (93,4%))*

*Lag 5: 110-120 grå sand (utvaskingslag).*

*Lag 6: 120- cm brunoransje sandig silt med stein (undergrunn).*




Figur 20. Dyrkingsprofilen i Sjakt 9, sett mot vest.



Figur 21. Grovkissert teikning av dyrkingsprofilen frå Sjakt 9.



Figur 22. Dyrkingsprofilen i Sjakt 3, sett mot nord.



Figur 23. Kart over dyrkingsspor ID 322833-0 og kolprøver.

### 3.2 ID 322835-0: Dyrkingsspor (automatisk freda)

Eldre dyrkingslag og mogleg avsvdingslag påvist under maskinell sjakting. Lokaliteten er omtrentleg avgrensa av bekk i vest, og berg og negative sjakter i nord, sør og aust.

Den eldre dyrkingsflata ligg under eit opptil 25 cm tjukt lag med noko klumpete og klebrig, lys brun sandig og leirhaldig silt. Dette laget vart påvist over store delar av nordlege Frøysnes, med ulike tjukner (opptil 50 cm tjukt). Over dette laget er matjord. Laget blir tolka som naturleg avsett, og stammar truleg frå jordskredet som gjekk på slutten av 1600-talet.

Profilskildring frå Sjakt 19, nord på dyrkingsflata:

*Lag 1: 0-30 cm torv og matjord.*

*Lag 2: 30-55 cm lys brun silt med litt grus og kolspett (skredmassar, kolprøve KP9).*

*Lag 3: 55-90 cm mørkare gråbrun sandig silt med grus og meir kolspett (eldre dyrkingslag, kolprøve KP8).*

*Lag 4: 90-100 cm flekkete gråsvart kolhaldig sandig silt (mogleg avsvdingslag, kolprøve KP7);*


*Lag 5: 100- cm beige og gråbrun klebrig silt (undergrunn).*




Figur 24. Dyrkingsprofilen i sjakt 19, sett mot aust.



Figur 25. Sjakt 26 med mulig avsvidingslag, som kan sjåast flekkvis i plan og langs profilen. Sett mot sør-søraust.



Figur 26. Grovskissert teikning av dyrkingsprofilen frå Sjakt 19.



Figur 27. Kart over Dyrkingsspor ID 322835-0 og kolprøver.

### 3.3 ID 322842: Aktivitetsområde (automatisk freda)

Aktivitetsområde bestående av kokegroper og åkerrein med tjukke dyrkingslag og mogleg avsvidingslag, påvist ved maskinell sjakting. Kokegropene ligg spreidd, i svakt skråna terreng ned mot aust.

Øvst i vest er undergrunnen svært steinete og våt, bestående av brun og brungrå sandig silt med grus og stein. Vidare austover er det nokre dreneringsgrøfter før undergrunnen gradvis blir betre, og skiftar til brun og gulbrun siltig sand. Heilt i aust, i åkerreina, heller undergrunnen bratt og dyrkingslaga ligg djupt, og det er ca. 1,5 meter ned til undergrunnen. Her vart det grave eit prøvestikk PS 1 i det nedste dyrkingslaget/avsvidingslaget, Lag 4, for å avklare om det hadde funn eller samanheng med steinalder. Dette vart avkrefte.

Lokaliteten har ei omtrentleg avgrensing basert på ulikheiter i undergrunnen, vegfylling (aust), negative sjakter (aust, vest og sør) og bekken (nord).



Figur 28. Avdekking av åkerrein ID 322842-3, med kokegrop ID 322482-2 i forgrunnen. Sett mot sørøst.

### 3.3.1 ID 322482-1: Kokegrop

Tilnærma sirkulær kokegrop med noko ujamn avgrensing, der berre nordlege halvdel er avdekt (største mål ca. 110 x 80 cm). Massane består av gråbrun sand med grus, skjørbrent stein og mykje kull.

Ligg i undergrunn med svært mykje stein og grus, noko som gjer avgrensinga til kokegropa noko vanskeleg å definere.

Under avdekkinga gjekk maskinskuffa for djupt i nordvest og grov med seg ein del av toppmassane av kokegropa. Her vart det teke ut ei kolprøve, KP 10.



Figur 29. Kokegrop ID 322482-1, sett mot sørvest.



Figur 30. Kokegrop ID 322482-1 til høgre, og eit ikkje definert lag i profilen til venstre (skredmassar?). Sett mot sørvest.

### 3.3.2 ID 322482-2: Kokegrop

Sirkulær kokegrop med massar av gråbrun siltig sand med mykje kull og skjørbrønt stein. Måler omtrent 100 x 100 cm og ligg i undergrunn av brun og gulbrun sand med grus. Det vart teke ut ei kolprøve, KP 11, frå plan.



Figur 31. Kokegrop ID 322482-2, sett mot nordaust.

### 3.3.3 ID 322842-3: Åkerrein

Stor åkerrein med eldre dyrkingslag og mogleg avsvidingslag i botn. Åkerreina er synleg over bakken som ein avflata voll, og er avgrensa av bekk i nord og negative sjakter i sør, aust og vest.

Den eldre dyrkingsflata ligg under eit opptil 45 cm tjukt lag med noko klumpete og klebrig, lys brun sandig og leirhaldig silt. Dette laget vart påvist over store delar av nordlege Frøysnes, med ulike tjukner (opptil 50 cm tjukt). Over dette laget er matjord. Laget blir tolka som naturleg avsett, og stammar truleg frå jordskredet som gjekk på slutten av 1600-talet.

Profilsildring frå Sjakt 27, midt i åkerreina:


*Lag 1: 0-35 cm torv og matjord.*

*Lag 2: 35-80 cm lys brun klebrig silt med litt grus og kolspett (skredmassar, kolprøve KP14).*

*Lag 3: 80-110 cm gråbrun klebrig sandig silt med grus og litt meir kolspett (eldre dyrkingslag, kolprøve KP13).*

*Lag 4: 110-145 cm mørk gråsvart sandig silt med stein, småstein og kol (eldre dyrkingslag/mogleg avsvindingslag, kolprøve KP12).*


*Lag 5: 145- cm raudbrun sand med grus (undergrunn).*




Figur 32. Dyrkingsprofilen frå Sjakt 27, sett mot nordaust



Figur 33. Åkerreina ID 322842-3, sett mot søraust.



Figur 34. Grovskissert teikning av dyrkingsprofilen frå Sjakt 27.



Figur 35. Kart over Aktivitetsområde ID 322842 med enkeltminner og kolprøver.

### 3.4 ID 322843: Aktivitetsområde (automatisk freda)

Aktivitetsområde bestående av ei kokegrop og ein nedgraving av ukjend funksjon. Strukturane ligg relativt grunt (ca. 20 cm frå markoverflata) og det er tynt med matjord.

I nedgravinga vart det funne eit skiferfragment (F6), (mogleg) kvartsavslag (F5) og brent bein (F4). Då sjakta vart gått over etter at ho vart grave att, vart det funne ein stor bit med slagg (F7), eit brynefragment (F3, måler 7 x 2,5 x 1,5 cm), nokon kvarts- og bergkrystallbitar (F2, moglege avslag?), og nokre jernfragment (F1). Deira relasjon til lokaliteten er usikker. Alle funn er kartfesta og samla inn.

Lokaliteten ligg fint til i landskapet på ein flat odde mot Åraksfjorden. Undergrunnen består av brunoransje silt med litt grus og småstein. I sør verkar undergrunnen stadvis å vere varmpåverka, der det er flekker med raudoransje silt og kol. Det er også djupe plogspor her. I nord og sørvest er det berg rett under torva. Lokaliteten er omtrentleg avgrensa; topografisk av fjorden i sør og aust, og av negative sjakter og berg i nord og vest.



Figur 36. Nedgraving ID 322483-2 i forgrunnen og Kokegrop ID 322483-1 i bakgrunnen, sett mot nord-nordvest.

### 3.4.1 ID 322843-1: Kokegrop

Stor oval kokegrop med massar av brun klebrig silt, mykje skjørbrent stein (relativt store stein) og kol, og med tydeleg kolrand. Kokegropa måler omtrent 2 x 1,5 meter. Ligg i undergrunn av oransjebrun siltig sand med grus.

Det vart teke ut ei kolprøve, KP 4, i plan.



Figur 37. Kokegrop ID 322843-1, sett mot nord-nordvest.



Figur 38. Kokegrop ID 322843-1, sett mot vest.

### 3.4.2 ID 322483-2: Nedgraving

Relativt oval nedgraving, men med utflytande og spettet avgrensning. Strukturen måler omtrent 120 x 60 cm og har massar bestående av mørk gråbrun klebrig silt og mykje kull.

Funn av brent bein (F4), (usikkert) kvartsavslag (F5) og del av skiferplate med slipt fasett (F6, tilnærma kvadratisk ca. 5,5 x 6 x 0,2 cm) under oppreinsking av strukturen. Alle funn vart kartfesta og samla inn.

Rundt strukturen verkar undergrunnen å vere varmpåverka, med flekker av raudoransje silt og kolstrekar/kolflekker. Det er også djupe plogspor her, som stadvis har gått ned i undergrunnen.



Figur 39. Nedgraving ID 322483-2 av ukjend funksjon, sett mot nord-nordvest.



Figur 40. Nedgraving ID 322483-2. Djupe plogspor med kol og varmpåverka undergrunn omkring nedgravinga. Berg skrått opp til høgre for nedgravinga. Sett mot vest-sørvest.



Figur 41. Stort mogleg kvartsavslag (F5) funnen under oppreinsking av Nedgraving ID 322483-2.




Figur 42. Skiferfragment (F6) funnen under oppreinsking av Nedgraving ID 322483-2.  
Øvst: slipt fasett langs sidekant til venstre. Nedst: bearbeida sidekant?.



Figur 43. Funnfoto av lausfunna av moglege kvartsavslag (F2) og slag (F7).



Figur 44. Funnfoto av mogleg kvartsavslag (F5) og skiferfragmentet (F6).



Figur 45. Kart over Aktivitetsområde ID 322843 med enkeltminner, funn og kolprøver.

### 3.5 ID 322845: Aktivitetsområde (automatisk freda)

Aktivitetsområde datert til vikingtid/tidleg mellomalder bestående av fleire nedgravingar og kokegroper, påvist under maskinell sjakting. Fleire av nedgravingane er svært kolhaldige, og verkar diffuse og utflytande i avgrensinga. Det er uvisst om dei representerer ei samanblanding av fleire strukturar, og funksjonane deira er ukjent.

Det vart gjort fleire funn under oppreinsking av strukturane. I ein av nedgravingane vart det funne store mengder jern og slagg, medan i tre andre vart det funne brent bein. Alle funn er kartfesta og samla inn.

Lokaliteten ligg fint til i landskapet på ei skålforma flate som skrånar svakt ned mot aust og nordaust, på eit høgdedrag i terrenget. Strukturane ligg relativt grunt (ca. 20 cm frå markoverflata) og det er skrint med matjord. Undergrunnen rundt strukturane består av brun og beigebrun klebrig sandig silt. I aust er det leire og vassinnsig, medan det i vest er brun og beige spettet sandig silt med grus. Lokaliteten er topografisk avgrensa basert på bergknattar, og dessutan våte massar og leirhaldig undergrunn i aust.

Etter informasjon frå grunneigarar skal det ha stått ei smie og ei badstove ein stad på høgdedraget her, som vart fjerna ein gong før 1920.



Figur 46. Oversikt over strukturar i Aktivitetsområde ID 322845, sett mot nord,

### 3.5.1 ID 322845-1: Nedgraving

Nedgraving, mogleg kokegrop eller samanblanding av fleire strukturar. Massar beståande av gråbrun sandig silt med kol og småstein, og dessutan ein større stein i aust. Struktura har ei irregulær form med noko spettet og utflytande avgrensing, og målar på det meste 200 x 180 cm. Under oppreinsking vart det funne fleire fragment av brent bein (F19). Funksjonen til struktura er ukjend. Det vart teken ut ei kolprøve, KP 20, frå plan som vart datert til tidleg mellomalder/vikingtid: 1078 - 1156 cal AD (51.2%) / 994 - 1052 cal AD (44.2%).



Figur 47. Nedgraving ID 322485-1 med funn av brent bein (F19) i forgrunnen, sett mot aust.

### 3.5.2 ID 322845-2: Nedgraving

Nedgraving av ukjend funksjon (mogleg kokegrop?). Massar beståande av gråbrun sandig silt med kol og stein. Struktura har ein noko spettet og utflytande avgrensing, tilnærma rund i forma og målar omtrent 120 x 120 cm.

### 3.5.3 ID 322845-3: Nedgraving

Nedgraving av ukjend funksjon. Tilnærma oval i form, noko spettet i avgrensinga og målar omtrent 50 x 40 cm. Masser beståande av gråbrun sandig silt med kol og litt småstein.

### 3.5.4 ID 322845-4: Nedgraving

Nedgraving av ukjend funksjon (mogleg kokegrop?). Tilnærma rund form med noko spettet avgrensing, måler omtrent 60 x 60 cm. Masser beståande av gråbrun sandig silt med kol og eit par større steinar. Ved oppreinsking vart det funne fleire fragment av brent bein (F18).

### 3.5.5 ID 322845-5: Nedgraving

Nedgraving av ukjend funksjon. Sirkulær i forma og tydeleg avgrensa, måler ca. 30 x 30 cm. Masser beståande av gråbrun sandig silt med kol og grus, med funn av mykje jernbitar og slaggg (F15). Funna er samla inn. Det vart teken ut ei kolprøve, KP 18, frå plan.



Figur 48. Nedgraving ID 322845-5 til venstre for meterstaven, og Kokegrop 322845-7 sentralt i bildet. Sett mot sør.



Figur 49. Noko av slagget (F15) som vart funnen i Nedgraving ID 322845-5.



Figur 50. Nedgraving ID 322845-5 med funn av mykje jern og slagg (F15) i plan. Sett mot vest.

### 3.5.6 ID 322845-6: Nedgraving (uavklart vernestatus)

Nedgraving av ukjend funksjon - mogleg steinopptrekk? Usikkert som kulturminne. Strukturen er sirkulær i forma med massar av gråbrun silt. Måler omtrent 30 x 30 cm.

Strukturen vart først anteken å vere eit usikkert stolpehol, og vart derfor snitta kor sørlege halvdel vart fjerna. Snittet viste at strukturen har ein skråstilt profil, er ca. 13 cm djup og botnen av strukturen er tilnærma flat og ca. 11 cm brei. Vassinnsig i botn. Det vart ikkje observert noko kol under snittinga. Strukturen reknast ikkje sannsynleg som stolpehol og er usikkert som kulturminne.



Figur 51. Nedgraving ID 322845-6 i plan før snitting, sett mot sørvest. Kokegrop ID 322845-7 til høgre.



Figur 52. Nedgraving ID 322845-6 i profil etter snitting, sett mot sørvest.

### 3.5.7 ID 322845-7: Kokegrop

Sirkulær kokegrop med massar bestående av gråbrun sandig silt med mykje kull og skjørbrent stein, måler ca. 80 x 80 cm. Det vart teken ut ei kolprøve, KP 19, frå plan.

### 3.5.8 ID 322845-8: Nedgraving

Nedgraving av ukjend funksjon (mogleg kokegrop?). Måler omtrent 60 x 50 cm og har ein litt spettet avgrensing, men sørlege del er ikkje avdekt og forsvinn inn i kanten av sjakta. Massar bestående av gråbrun sandig silt med kol og eit par synlege steinar.

### 3.5.9 ID 322845-9: Nedgraving

Nedgraving av ukjend funksjon (mogleg kokegrop?). Massar bestående av gråbrun klebrig og kolhaldig sandig silt med steinar (skjørbrent og ikkje-skjørbrent). Strukturen har ei irregulær form, kanskje er det to strukturar, men den sørlege avgrensinga er ikkje avdekt og forsvinn ut av sjakta. Måler omtrent 150 x 60 cm.

### 3.5.10 ID 322845-10: Nedgraving

Nedgraving av ukjend funksjon (mogleg fleire strukturar?). Massar bestående av mørk gråbrun klebrig sandig silt med kol, grus og store steinar. Strukturen har ei irregulær form, men den sørlege og nordlege avgrensinga er ikkje avdekt og forsvinn ut av sjakta. Måler omtrent 150 x 270 cm. Funn av eit større fragment av brent bein (F16) ved oppreinsking.




Figur 53. Brent bein (rørknokkel, F16) funnen under oppreinsking av Nedgraving ID 322845-10.




Figur 54. Nedgraving ID 322485-10, med funn av brent bein (F16) til venstre. Blaute massar lengst bak i bildet. Sett mot aust.



Figur 55. Funnfoto av jern og slagg (F15) frå 322845-5.



Figur 56. Kart over Aktivitetsområde ID 322845 med enkeltminner.



Figur 57. Kart over aktivitetsområde ID 322845 med enkeltminner, funn og kolprøver.

### 3.6 ID 322853: Aktivitetsområde (automatisk freda)

Aktivitetsområde datert til vikingtid, bestående av ei steinrøys, to fyllskifte/grøftar og eldre dyrkingslag, påvist under maskinell sjakting. Funna fordeler seg på to sjakter. Røysa ligg relativt konsentrert, men verkar noko utflytande i søraust. I fyllskiftet/grøfta vart det funne fleire fragment med brent bein. Steinrøysa og grøftene blir tolka som moglege restar etter ein gravhaug på staden (usikker tolking).

Lokaliteten ligg fint til i landskapet på ei svakt sørvest-hellande flate på eit høgdedrag i terrenget. Frå lokaliteten er det god utsikt mot Åraksfjorden i aust og sør. Undergrunnen rundt strukturane består av lys beige og oransjebrun klebrig sandig silt. I aust er det svært vått, der undergrunnen er meir leirhaldig og med vassinnsig, medan det i vest er brun og beige spettet sandig silt med litt grus. Lokaliteten er omtrentleg avgrensa, delvis basert på bergknattar i nordaust og funntomme sjakter. I søraust er lokalitetsavgrensinga satt basert på grensene til registreringsområdet.



Figur 58. Oversikt over lokaliteten, sett mot vest.

### 3.6.1 ID 322853-1: Røys

Steinrøys/steinpakning av ukjend funksjon avdekt under maskinell sjakting. Røysa består hovudsakleg av større steinar (ca. 20 x 20 cm store), men med innslag av både større og mindre stein, iblanda massar av gråbrun sandig silt, stadvis med kolspett. Steinrøysa verkar relativt fast og konsentrert, men med utflytande parti i søraust kor det også er større mengder kol og funn av brent bein (F20). Funnet vart kartfesta og samla inn. Det er usikkert om kullet og dei brente beinfragmenta stammar frå steinrøysa eller er del av fyllskiftet/grøfta ID 322583-2.

I vest møtest fyllskiftet/grøfta ID 322853-2 og røysa. For å sjå samanhengen mellom desse vart det grave eit lite snitt (ca. 40 x 20 cm, 40 cm djupt) i overgangen mellom strukturane. Korleis desse blir relaterte til kvarandre er framleis usikkert, men det kan verke som om røysa ligg delvis oppå fyllskiftet/grøfta.

Det vart prøvd å ta ut kolprøve frå røysa, men pga. uvisse rundt kor kullet eigentleg stamma frå og for å gjere minst mogleg inngrep i røysa vart dette valt bort. Steinrøysa er ikkje tilstrekkeleg avgrensa, berre i vest og nordvest vart røysa si utstrekking avdekt.



Figur 59. Nordvestlege del av Steinrøysa ID 322853-1 og Fyllskifte/grøft ID 322853-2, sett mot nordaust.



Figur 60. Steinrøys ID 322853-1 sentralt i bilete, med Fyllskifte/grøft ID 322853-2 til høgre. Sett mot søraust.



Figur 61. Steinrøys ID 322853-1 bak meterstaven, med Fyllskifte/grøft ID 322853-2 oppe til venstre. Sett mot nordvest.

### 3.6.2 ID 322853-2: Nedgraving

Fyllskifte/grøft av ukjend funksjon. Massane består av mørk gråbrun kolhaldig sandig silt med steinar. Under oppreinsking vart det funne fleire fragment av brent bein (F21) ved ein større stein i strukturen. Her vart det teken ut ei kolprøve, KP 21, som vart datert til vikingtid: 819 - 977 cal AD (82.7%).

